



**Læringsmiljøsentret**  
Nasjonalt senter for læringsmiljø  
og atferdsforskning

---

Universitetet i Stavanger

---

# Årsrapport 2020

---

Nasjonalt senter for læringsmiljø og atferdsforskning

# Innhold

|  |    |
|--|----|
| <i>Organisasjon og ressursar</i> .....   | 2  |
| Årsrekneskap 2020 - oppsummering av den økonomiske situasjonen 2020 .....      | 8  |
| <i>Formidling og kommunikasjon</i> .....                                       | 11 |
| Annan rapportering og informasjon knytt til formidling og kommunikasjon: ..... | 16 |
| <i>Oppdragsverksemd og samfunnskontakt</i> .....                               | 17 |
| Statistikk vedr. eksterne førespurnader .....                                  | 20 |
| <i>Forskning og utviklingsarbeid</i> .....                                     | 22 |
| <i>Utdanning</i> .....   | 28 |
| <i>Publikasjonar og formidling</i> .....                                       | 32 |
| <i>Tidsskriftartiklar</i> .....  | 32 |
| <i>Konferansebidrag</i> .....  | 36 |
| <i>Bøker</i> .....   | 43 |
| <i>Rapport og avhandling</i> .....   | 44 |
| <i>Del av bok</i> .....  | 45 |
| <i>Mediebidrag</i> .....   | 47 |
| <i>Kunstnarleg og museal presentasjon</i> .....                                | 50 |
| <i>Kunstnarleg resultat</i> .....  | 50 |
| <i>Produkt</i> .....   | 50 |
| <i>Informasjonsmateriale</i> .....   | 51 |

## Organisasjon og ressursar

### Mål 1:

Vidareutvikle samarbeidet med senteret sine sentrale eksterne partnerar

| Tiltak   | Konkretisering   | Ansvarleg   |
|--|--|---|
| Arbeide tett opp mot KD og Udir for at læringsmiljø og mobbing framleis skal vera nasjonale satsingar  | <ul style="list-style-type: none"><li>- Initiere dialogmøte med Udir vår og haust</li><li>- Delta i møter og konferansar initiert av Udir/KD</li></ul>                 | <b>Senterleiar</b><br><br><b>Senterleiar</b><br><b>Avdelingsleiar</b> |
| <b>Rapport:</b> <ul style="list-style-type: none"><li>- Eitt dialogmøte er gjennomført.</li><li>- Initiert eitt møte til, men fått avslag.</li><li>- Deltok på nokre digitale samlingar.</li></ul>   |  |   |
| Arbeide strategisk mot KD og Udir for å oppretthalde den nasjonale statusen vår  | <ul style="list-style-type: none"><li>- Respondere på relevante høyringar</li><li>- Gjere greie for kva moglegheiter ein har for å ha ein kontakt inn mot KD</li></ul> | <b>Senterleiar</b>  |
| <b>Rapport:</b> <ul style="list-style-type: none"><li>- Dei nasjonale sentera tok initiativ overfor Udir og KD i samband med DEKOM/REKOM.</li><li>- Har vore i dialog med Utdanning- og forskingskomiteen på stortinget vedr. m.a. høyring knytt til personvern.</li><li>- Har respondert på alle aktuelle høyringar innan senteret si verksemd.<ul style="list-style-type: none"><li>o Tilskotsordning for lokal kompetanseutvikling.</li><li>o Endring i barnehagelova, opplæringslova og friskulelova vedr. handsaming av personopplysingar.</li><li>o Betre velferdstenester for born og unge som har behov for samordna tenestetilbod.</li><li>o NOU 2019:23 Ny opplæringslov.</li><li>o Med rett til å meistre.</li><li>o Nye eksamensordningar.</li><li>o Innspelsmøte hjå KD vedr. kompetanseløft innan spesialpedagogikk og inkluderande praksis.</li><li>o Meld.St.6 (2019-2020) Tett på - tidleg innsats og inkluderande fellesskap i barnehage, skule og SFO.</li><li>o Høyringar på utkast til strategiplanar på fakultet og UiS sentralt, samt andre mindre interne høyringar, som til dømes institusjonelle retningslinjer for tilsetjing og opprykk i undervisnings- og forskarstilling.</li></ul></li></ul> |  |   |



**Mål 3:**

Vidareutvikle organisasjonsstrukturen vår

| Tiltak   | Konkretisering   | Ansvarleg |
|--|--|-----------|
| Evaluere organisasjonsmodellen som vart etablert hausten 2017  | - Drøftast i utvida leiargruppe og strategisk forum                                    | Leiinga   |
| <b>Rapport:</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Har vore gjennomgått, undersøkt og drøfta i fleire personalseminar og avdelingsmøte, i tillegg til dei nemnde foruma.</li> </ul>  |  |           |
| Initiere ein prosess for utvikling av tematiske område for neste strategiplanperiode   | - Overordna prosess vert sett i gong hausten 2020, sett i lys av UiS-strategiprosessen | Leiinga   |
| <b>Rapport:</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Har vore tema i fleire personalseminar, avdelingsmøte i tillegg til dei nemnde foruma.</li> </ul>   |  |           |
| Utnytte potensialet som ligg i at senteret har to geografisk åtskilte avdelingar   | - Deltak i samarbeidsforumet i Telemark (DEKOM)<br>- Rekruttering                      | Leiinga   |
| <b>Rapport:</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Senteret si deltaking i aktuelle forum i begge regionane held fram, og har vore til stor nytte med tanke på å etablere nye samarbeid om praksisnært samarbeid.</li> </ul> |  |           |

**Mål 4:**

Gjere greie for samarbeidsrutinar og rolleavklaringar for å sikre at vi har bemanning som gjev optimal utvikling for senteret

| Tiltak   | Konkretisering  | Ansvarleg   |
|--|---|-------------|
| Lage ein plan for utvikling av storleiken på senteret, | - Operasjonalisera ein bemanningsplan samt lage plan for storleiken på senteret | Senterleiar |

|  |  |                       |
|--|--|-----------------------|
| fordeling av verksemda innan dei tre verksemdsområda, samt ynskja fagkompetanse innan dei ulike stillingskategoriane   |  | <b>Avdelingsleiar</b> |
| <b>Rapport:</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Senteret har ei medviten haldning når det gjeld å planlegge senteret si utvikling på dei tre verksemdsområda. Dette vert nedfelt i bemanningsplanar. Det at senteret har fått fleire store forskingsprosjekt har også stor innverknad på bemanningsplanar og ekspansjon.</li> </ul> |  |                       |

#### Mål 5:

Vidareutvikle senteret sitt HMS-arbeid for å oppretthalde eit godt psykososialt miljø, både på den enkelte avdelinga og på tvers av avdelingane

| Tiltak  | Konkretisering                                   | Ansvarleg                    |
|---|--|------------------------------|
| Vidareføre ordninga med to felles personalsamlingar pr. studieår  | - Gjennomfører kun seminar i juni i Kristiansand | <b>Leiinga</b>               |
| <b>Rapport:</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Grunna pandemi har seminara vorte gjennomført digitalt.</li> </ul>   |  |                              |
| Oppmode til sosialkomitear på begge avdelingane   | - Følgjast opp i kvar avdeling                   | <b>Leiinga</b><br>Verneombod |
| <b>Rapport:</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Begge avdelingar har funne kreative, alternative metodar for å halde det sosiale arbeidsmiljøet ved like.</li> </ul> |  |                              |
| Integrere stipendiatane i senteret sine aktivitetar   | - Brown Bag<br>- Avdelingsmøter og seminar       | <b>Leiinga</b><br>Verneombod |
| <b>Rapport:</b>   |  |                              |

|  |                         |         |
|--|-------------------------|---------|
| <ul style="list-style-type: none"> <li>- Gjennomført som planlagt. Rettleiarane har følgd særskild opp dette året, ettersom stipendiatane har vore mykje vekke frå Campus.</li> </ul>                                      |                         |         |
| Gje tilbod om skype-overføring av alle føredrag, framlegg, osb., som kan ha felles interesse   | - Brown Bag - Porsgrunn | Leiinga |
| <b>Rapport:</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Dei fysiske tilhøva er utfordrande, og erfaring syner at dette ikkje er eit godt arrangement for streaming. Alternativt forum er etablert i Porsgrunn.</li> </ul> |                         |         |

#### Mål 6:

Oppretthalde og styrkje inntening via ekstern verksemd

| Tiltak   | Konkretisering   | Ansvarleg    |
|--|--|--------------|
| Inngå langsiktige kontraktar med aktuelle oppdragsgjevarar som gjev ekstern finansiering   | - Vera proaktive og lage system for inngåing av kontraktar   | Kontorsjefar |
| <b>Rapport:</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Gjennomført som planlagt.</li> </ul>  |  |              |
| Levera gode søknadar til forskingsprosjekt som kan gje ekstern finansiering  | <ul style="list-style-type: none"> <li>- Levera 4 søknadar NFR mai/sept.</li> <li>- Levera søknad til andre eksterne finansieringskjelder</li> </ul> | FoU-leiar    |
| <b>Rapport:</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Senteret har gjort dette, og fått sær god utteljing. 3 store NFR, samt eitt Erasmus+ prosjekt.</li> </ul> |  |              |

**Mål 7:**

Ha gode lokale på begge avdelingar, og nærleik til viktige samarbeidspartnarar

| <b>Tiltak</b>   | <b>Konkretisering</b>   | <b>Ansvarleg</b>     |
|---|---|----------------------|
| Arbeide for at me får eit føremålstenleg plenumsrom for alle tilsette i stavangeravdelinga  | <ul style="list-style-type: none"><li>- Sjå på moglegheiter etter at oppussinga på HG-hus er ferdig</li></ul>   | <b>Kontorsjef S.</b> |
| <b>Rapport:</b> <ul style="list-style-type: none"><li>- Dette har me ikkje lukkast med.</li></ul>   |   |                      |
| Arbeide for ei samlokalisering med sentera på fakultetet  | <ul style="list-style-type: none"><li>- Initiere ei kartlegging av dei tre sentera sine moglegheiter for samlokalisering (Lesesenteret/Læringsmiljøsentret/Kunnskapssenteret)</li></ul> | <b>Leiinga</b>       |
| <b>Rapport:</b> <ul style="list-style-type: none"><li>- Dette har vore på agendaen i samband med arbeidet knytt til utvikling av ny Campusplan.</li></ul> |   |                      |



## Årsrekneskap 2020 - oppsummering av den økonomiske situasjonen 2020

### Basis - grunnbevilling frå KD (UiS-styret)

Rekneskapsoversikta følgjer UiS sin standard kontoplan. Negative tal representerer inntekter eller mindreforbruk. Tabellen under viser ei overordna framstilling av det økonomiske resultatet ved Læringsmiljøsentret pr. 31.12.2020.

### Regnskapsrapport Læringsmiljøsentret pr 31. desember 2020

|   | Regnskap<br>31.12.2020 | Budsjett<br>31.12.2020 | Avvik mot<br>budsjett |
|---|------------------------|------------------------|-----------------------|
| Inntekter fra KD (UiS-styret)                                   | -25 254 477            | -25 163 130            | -91 347               |
| Salgsinntekter  | -2 558 646             | -1 608 974             | -949 672              |
| Andre inntekter   | -4 290                 | -                      | -4 290                |
| <b>Sum inntekter</b>  | <b>-27 817 413</b>     | <b>-26 772 104</b>     | <b>-1 045 309</b>     |
| Lønn fast   | 22 911 279             | 25 462 700             | -2 551 421            |
| Lønn vikarer, stipendiater og midlertidig (engasjert personale) | 5 870 333              | 4 544 866              | 1 325 467             |
| Sosiale avgifter  | 7 990 435              | 8 617 155              | -626 720              |
| Overført til prosjekt   | -10 441 671            | -11 397 237            | 955 566               |
| Sykepengar/fødselspengar  | -844 330               | -631 961               | -212 369              |
| Andre personalkostnader   | 217 165                | 271 020                | -53 855               |
| <b>Sum lønnskostnader</b>                                       | <b>25 703 211</b>      | <b>26 866 543</b>      | <b>-1 163 332</b>     |
| Investering   | 320 859                | 300 000                | 20 859                |
| Drift   | 3 186 897              | 2 232 500              | 954 397               |
| Reisekostnader  | 389 633                | 1 791 580              | -1 401 947            |
| Andre driftskostnader   | 52 831                 | 115 000                | -62 169               |
| <b>Sum driftskostnader</b>                                      | <b>3 950 220</b>       | <b>4 439 080</b>       | <b>-488 860</b>       |
| Tilbakeført dekningsbidrag                                      | -2 483 961             | -2 614 879             | 130 918               |
| Indirekte kostnader   | -3 518 187             | -3 870 155             | 351 968               |
| Over-/underskudd fra eksterne prosjekt                          | -15 780                | -                      | -15 780               |
| <b>Effekt prosjekt</b>  | <b>-6 017 928</b>      | <b>-6 485 034</b>      | <b>467 106</b>        |
| <b>Avregning ordinær aktivitet</b>                              |                        | <b>1 735 516</b>       | <b>-1 735 516</b>     |
| <b>Interne kostnader</b>  | <b>-152 251</b>        | <b>216 000</b>         | <b>-368 251</b>       |
| <b>RESULTAT</b>   | <b>-4 334 161</b>      | <b>0</b>               | <b>-4 334 161</b>     |

Rekneskapet pr. 31.12.2020 viser eit mindreforbruk på kr 4.334.161. I budsjettet er det pr. 31.12.2020 sett av kr 1.735.516 som skal dekke tidlegare års underskot. Det betyr at det reelle mindreforbruket pr. 31.12.2020 er på kr 2.598.645 (kr 4.334.161 - kr 1.735.516).

Hovudårsaka til dette budsjettavviket er fyrst og fremst at reisekostnadane har vore omlag 1,4 mkr (millionar kroner) lågare enn budsjettet og lønnskostnadane har vore omlag 1,2 mkr lågare enn budsjettet.

#### Prosjekt med ekstern finansiering

Mykje av arbeidet som vert gjort ved Læringsmiljøsentret går føre seg i prosjekt med heil eller delvis ekstern finansiering.

Tabellen under viser fordelinga knytt til finansiering for 2020.

| Regnskap finansiering 2020          | Beløp             | Prosent         |
|-------------------------------------|-------------------|-----------------|
| Grunnbevilgning fra KD (UiS-styret) | 23 522 000        | 40,35 %         |
| Ekstern finansiering                | 34 772 278        | 59,65 %         |
| <b>Sum finansiering</b>             | <b>58 294 278</b> | <b>100,00 %</b> |

| Regnskap finansiering 2020          | Beløp             | Prosent         |
|-------------------------------------|-------------------|-----------------|
| Grunnbevilgning fra KD (UiS-styret) | 23 522 000        | 40,35 %         |
| UDIR - Læringsmiljøprosjektet       | 10 804 000        | 18,53 %         |
| UDIR- diverse oppdrag               | 2 840 000         | 4,87 %          |
| NFR                                 | 6 132 593         | 10,52 %         |
| DEKOM/REKOM                         | 4 271 029         | 7,33 %          |
| EVU                                 | 484 000           | 0,83 %          |
| Kommuner - diverse oppdrag          | 3 089 082         | 5,30 %          |
| Øvrig finansiering                  | 4 593 574         | 7,88 %          |
| Salgsinntekter og øvrige inntekter  | 2 558 000         | 4,39 %          |
| <b>Sum inntekter</b>                | <b>58 294 278</b> | <b>100,00 %</b> |

Totalt er den forventede eksterne finansieringa for 2020 på omlag 34,8 mkr i 2020. Av dette er 10,8 mkr bevilgninga frå Utdanningsdirektoratet knytt til den statslege satsinga Læringsmiljøprosjektet, 2,8 mkr frå Utdanningsdirektoratet til diverse oppdrag, 6,1 mkr er midlar knytt til prosjekt frå Norges Forskningsråd (NFR), omlag 4,3 mkr knytt til statleg varig ordning med desentralisert kompetanseutviklingsmodell (DEKOM-REKOM), 0,5 mkr knytt til etter- og vidareutdanning (EVU), 3,1 mkr frå kommunar - diverse oppdrag, 4,6 mkr knytt til annan finansiering og 2,6 mkr knytt til salsinntekter og andre inntekter.

Ekstern finansiering i 2020 vart om lag 59,7 % og er omtrent på same nivå som den var i 2019, då den var på 59,5%.

Pr. 31.12.2020 går dei fleste eksterne prosjekta som planlagt når det gjeld økonomi og framdrift. Grunna Covid19-situasjonen har mange av prosjekta tatt i bruk digitale løysingar for å gjennomføre aktiviteter, då det ikkje har vore mogleg å føreta reiser. Det er nokre forseinkingar i enkelte av prosjekta.

To av prosjekta frå Forskningsrådet, Agderprosjektet og CIESL, vart avslutta i 2019. Det er levert fire søknadar til Forskningsrådet ved vårens utlysing der søknadsfristen var 20. mai 2020. I desember fekk vi tilbakemelding frå Forskningsrådet på at tre av desse søknadane har fått tilslag og ei tildeling på 48 mkr fordelt på 4 år.

Resilient, som er eit prosjekt frå Forskningsrådet, vil bli om lag eitt år forsinka som følge av Korona-situasjonen. Det betyr at mykje av aktiviteten som var planlagt i 2020 vil bli utført på eit seinare tidspunkt. Økonomisk vil dette utgjera om lag kr 860.000 mindre i inntekter enn budsjettert i 2020.



|   |  |   |
|---|--|---|
| <p>Vurdere å tilby skrivekurs for dei vitskapeleg tilsette med tips og råd om korleis skrive kronikk</p>  |  |   |
| <p><b>Rapport:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Det vart gjennomført digitale medietrenings-workshops ein gong i semesteret for avdeling Porsgrunn og to gonger i semester for avdeling Stavanger.</li> <li>- Det vart vurdert å tilby skrivekurs for dei vitskapeleg tilsette med tips og råd om korleis skrive kronikk, men det vart ikkje mogleg å gjennomføre grunna Covid-19.</li> <li>- Mange av våre tilsette var aktive i media i løpet av 2020, og under nedstenginga hjalp kommunikasjonsrådgjevarane dei tilsette med å få ut kronikkar m.a. i VG, Dagbladet og DN. Det vart registrert 20 mediebidrag frå senteret direkte relatert til korona under den første nedstenginga - altså perioden 13.mars - 8. juni (kronikkar og intervju) + 4 tekstar som kun vart publisert på eigne sider.</li> <li>- I løpet av året var også fleire tilsette å sjå i intervju i aviser, radio og på TV - som eksempelvis Dax18 og TV2 Nyheitskanalen. Her hjalp kommunikasjonsrådgjevarane til med handtering av førespurnadar frå media samt “prepping” før intervju.</li> </ul> |  |   |
| <p>Lage “Nyheitssendingar” med formidling av forskning knytt til aktuelle tema - samarbeid med Lesesenteret, UH-fakultetet og moglegvis Fjernsyns- og multimedieproduksjonsstudi et ved UiS.</p>  | <ul style="list-style-type: none"> <li>- Planlegge og spele inn 1-4 episodar.</li> <li>- Sendingane skal vera knytt til aktuell forskning og tema.</li> <li>- “Læring for livet” fungerer som medietrening for dei tilsette, men også som formidlingskanal når det kjem til forskning og senteret sine kjerneaktivitetar.</li> </ul> | <p><b>Kommunikasjon</b></p> <p>Vitskapeleg tilsette</p> |
| <p><b>Rapport:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Nyheitssendingane “Læring for livet” kom på plass i løpet av året i samarbeid med Lesesenteret, fakultetet og Fjernsyns- og multimedieproduksjon ved UiS.</li> <li>- Det vart sett ned ein redaksjon som planla innhaldet i episodane, og det vart spelt inn 4 episodar hausten 2020.</li> <li>- Sendingane var knytt til aktuell forskning og tema som skulemotivasjon og kvalitetsarbeid i barnehagen. Første episode vart sendt på slutten av 2020, og dei resterande planlagt sendt våren 2021.</li> </ul>  |  |   |

|   |  |  |
|---|--|--|
| Lage podcast med formidling av forskning og diskusjon av aktuelle problemstillingar   | <ul style="list-style-type: none"> <li>– Få på plass ein podcast</li> <li>– Spele inn 1-3 episodar</li> </ul>                        | <b>Kommunikasjon</b><br>Vitskapeleg tilsette             |
| <b>Rapport:</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>– Podcasten “Læringsmiljø i barnehage og skole” kom på plass i 2020.</li> <li>– 4 episodar vart spelt inn januar 2020, og vart sendt utover våren</li> </ul>   |  |  |
| Planlegge og gjennomføre Læringsmiljøkonferansen 2020   | <ul style="list-style-type: none"> <li>– Planlegge og gjennomføre Læringsmiljøkonferansen 2020</li> </ul>                            | <b>Leiinga</b><br>Kommunikasjon<br>Alle tilsette         |
| <b>Rapport:</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>– Læringsmiljøkonferansen 2020 vart planlagt og gjennomført digitalt på grunn av covid-19 - og det med stor suksess.</li> <li>– Temaet for konferansen var: Fellesskap, forskning og fornying: kvalitetsutvikling i skole, barnehage og SFO.</li> <li>– Føredrag som vart haldne var innan tema som: Skule, barnehage og SFO</li> <li>– <b>Føredragshaldarar:</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>– 4 interne, 1 professor II</li> <li>– 5 eksterne fordelt på 4 foredrag</li> </ul> </li> <li>– <b>Statistikk:</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>– Totalt tal på sjåarar: 3,775</li> <li>– Unike sjåarar: 1,845</li> <li>– Maks tal sjåarar på ein gong: 458</li> <li>– Totalt tal minuttar sett: 188,839</li> <li>– Gjennomsnittleg tid sett: 00:56:26 = 1 føredrag</li> </ul> </li> </ul> |  |  |
| Gjennomføre arrangement under Arendalsuka   | <ul style="list-style-type: none"> <li>– Planlegge og gjennomføre eit arrangement under Arendalsuka 2020.</li> </ul>                 | <b>Leiinga</b><br>Kommunikasjon<br>Vitskapelege tilsette |
| <b>Rapport:</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>– På grunn av covid-19 vart Arendalsuka 2020 avlyst, og vi kunne dermed ikkje gjennomføre arrangementet med temaet “SFO”, som vi hadde byrja å planlegge.</li> </ul>   |  |  |
| Utarbeide filmressursar knytt til prosjekt, aktuelle tema og hendingar  | <ul style="list-style-type: none"> <li>– Lage filmar ved førespurnad frå dei tilsette knytt til aktuelle prosjekt og tema</li> </ul> | <b>Kommunikasjon</b>                                     |

|  |   |                       |
|--|---|-----------------------|
|  | – Lage generelle filmar om senteret - relatert til aktiviteten ved senteret | Vitskapelege tilsette |
| <b>Rapport:</b>  |   |                       |
| <ul style="list-style-type: none"> <li>– Det vart i løpet av året laga fleire filmar ved førespurnad frå dei tilsette knytt til aktuelle prosjekt og tema - spesielt knytt til Robust-prosjektet.</li> <li>– Det vart ikkje laga nokre generelle filmar om senteret - relatert til aktiviteten ved senteret</li> </ul> |   |                       |

## Mål 2:

Tilsette nyttar senteret sin nettstad og relevante sosiale medium for å spreie kunnskap og leie våre målgrupper til nettstaden.

| Tiltak   | Konkretisering  | Ansvarleg   |
|--|---|---|
| Populærvitskapelege tekstar vert skrive til eigen nettstad samt “forskning.no” om alle publiserte vitskapelege artiklar frå senteret   | <ul style="list-style-type: none"> <li>– Mål og rutinar for arbeid med dette skal først inn i eigen strategi for forskningsformidling. Alle dei publiserte vitskapelege artiklane i 2020 skal omtalast i løpet av året.</li> <li>– Nokre av artiklane skal omsetjast til engelsk og publiserast på den engelske nettstaden sciencenorway.no og evt. Alphagallileo o.l.</li> </ul> | <b>Kommunikasjon</b><br><br><b>FoU-leiar</b><br><br>Vitskapelege tilsette |
| <b>Rapport:</b>  |   |   |
| <ul style="list-style-type: none"> <li>– Mål og rutinar for arbeid med dette vart ført inn i eigen strategi for forskningsformidling. Alle dei publiserte vitskapelege artiklane i 2020 vart omtalte og nærast alle vart publiserte på forskning.no i løpet av året. Nokre få stod att, men dei skal publiserast i løpet av våren 2021.</li> <li>– Det vart omsett nokre artiklar til engelsk og dei vart publiserte på dei engelske nettstadane sciencenorway.no og Alphagallileo.</li> </ul> |   |   |
| Alle tilsette syner til nettstaden når dei er ute på oppdrag/held føredrag   | <ul style="list-style-type: none"> <li>– Dei tilsette bør minimum ha med lenkje til nettstaden på siste lysark</li> <li>– Dei bør gjerne bruke dømer frå nettstaden (film, artiklar)</li> </ul>   | <b>Vitskapelege tilsette</b>  |
| <b>Rapport:</b>  |   |   |
| <ul style="list-style-type: none"> <li>– Dei tilsette vart oppfordra til minimum å ha med lenkje til nettstaden på siste lysark, samt å bruke dømer frå nettstaden (film, artiklar)</li> </ul>   |   |   |
| Senteret er tilgjengeleg med oppdatert innhald på  | – Publisere innhald fortløpande på alle SoMe-kontoar for å informere om aktivitetane  | <b>Kommunikasjon</b>  |

|   |   |  |
|---|---|--|
| aktuelle sosiale medie-plattformar.<br>Kommunikasjonsgruppa jobbar kontinuerleg med å auke aktiviteten og talet på følgjarar på sosiale medium samt annonsere for ledige stillingar, studiar osv.   | som skjer på senteret, samt halde kontoane interessante for publikum og også rekruttere nye følgjarar.<br>– Vitskapeleg tilsette sender bilete/tekst frå aktuelle oppdrag/konferansar dei deltek på.<br>– Jobbe med annonsering for studiar, ledige stillingar osv. | Vitskapelege tilsette                    |
| <b>Rapport:</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>– Kommunikasjon publiserte i 2020 innhald fortløpande på alle SoMe-kontoar for å informere om aktivitetane som skjer på senteret, samt halde kontoane interessante for publikum og også rekruttere nye følgjarar.</li> <li>– Vitskapelege tilsette sendte bilete/tekst frå aktuelle oppdrag/konferansar dei deltok på innimellom. Pga. Covid-19 vart det ikkje mykje slikt innhald på SoMe.</li> <li>– Ved årsskiftet hadde senteret 2.145 fylgjarar på Twitter - ei auke på 132 fylgjarar på eitt år.</li> <li>– På Facebook var det ved utgongen av året 16.755 som følger sida vår - ei auke på 1 474 frå utgongen av 2019.</li> <li>– På senterets Instagram-konto har me auka talet på fylgjarar frå 2 103 til 2 577 i 2020.</li> <li>– Det vart også nytta mykje tid til å annonsere for studiar i løpet av året.</li> </ul> |   |  |
| Oppdatere nettstaden ved behov  | – Oppdatere nettstaden og leggje ut relevant informasjon her<br>– Auke trafikken til nettstaden vår<br>– Vera involvert i prosjektet med nye uis.no   | <b>Nettredaktør</b><br><br>Kommunikasjon |
| <b>Rapport:</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>– “Nye uis.no-prosjektet” skapte avgrensingar for utviklinga av den gamle nettstaden, men nettredaktør røkta sida igjennom året og fram til arbeidet med nye uis.no starta for alvor.</li> <li>– Nye uis.no involverte alle kommunikasjonsrådgjevarane ved senteret i løpet av året. Nettredaktøren tok hovudvekta - spesielt ved utgongen av året når sidene skulle vera ferdige.</li> <li>– I perioden 1. januar til 3. november 2020 hadde nettstaden totalt 344 790 (2019: 361 375) økter og 242 934 (2019: 247 640) brukarar.</li> </ul>  |   |  |

### Mål 3:

Læringsmiljøsentret utviklar ressursar som gjer fagkunnskapen lett tilgjengeleg samt jobbar med marknadsføring og promotering av senteret.

| Tiltak   | Konkretisering   | Ansvarleg            |
|--|--|----------------------|
| Marknadsføring, utarbeiding av materiell og promotering av senteret.<br>Informasjonsmateriell og | – Utarbeide materiell til promotering av senteret<br>– Vurdere å bestille “gadgets” som t.d. roll-ups og “give aways” ved behov. | <b>Kommunikasjon</b> |



|  |   |                                  |
|--|---|----------------------------------|
| <p>“gadgets” vert utarbeida og bestilt ved behov.</p>  | <p>– Stå på “stands” på 3-4 relevante konferansar</p> | <p>Kommunikasjon<br/>Leiinga</p> |
| <p><b>Rapport:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>– Det vart kun laga 1 informasjonsbrosjyre i 2020. Denne omhandla skulens innsatsteam mot mobbing og var på nynorsk.</li> <li>– Det vart bestilt roll-ups og ein bakvegg til bruk ved digitale førelesingar.</li> <li>– På grunn av covid-19 fekk vi ikkje stått på stand i 2020.</li> </ul> |   |                                  |

#### Annan rapportering og informasjon knytt til formidling og kommunikasjon:

I 2020 vart det publisert 62 nyhendeartiklar, der fleire var forskingsartiklar. Dette var 3 færre artiklar enn året før. Mange av artiklane omhandla kva skule og barnehage kunne gjera under koronaen. Ny nettstad har ført til meir arbeid for kommunikasjonsgruppa i løpet av året, og vi har difor opplevd ein liten nedgong i talet artiklar publisert på nettstaden. Det vart publisert 4 bloggpostar i 2020. Dette er ein stor nedgong frå året før, men skuldast at den nye nettstaden ikkje har eit eige bloggformat. Dette vil komme på plass seinare. Bloggen har likevel hatt 12 909 sidevisningar i 2020. Det er ein nedgong på 42.1%, og heng tydeleg saman med det låge talet på bloggpostar som vart publisert dette året. Det mest leste innlegget hadde 1068 sidevisningar.

Ved årsskiftet hadde senteret 2.145 fylgjarar på Twitter, som er ei auke på 132 fylgjarar på eitt år. På Facebook var det ved utgongen av året 16.755 som følger sida vår. Det er ein auke på 1 474 frå utgongen av 2019. Saka med best rekkevidde nådde 53 519 brukarar. På senteret sin Instagram-konto har me delt bilete og video 59 gonger i løpet av 2020. Me har auka talet på fylgjarar frå 2 103 til 2 577 i 2020.

I perioden 1. januar til 3. november 2020 hadde nettstaden totalt 344 790 (2019: 361 375) økter og 242 934 (2019: 247 640) brukarar. Dette er ein nedgong på 4,59 prosent når det gjeld talet på økter og 1,9 prosent når det gjeld talet på brukarar frå 2019. Frå 3. november vart Læringsmiljøsenderet sin nettstad slått saman med resten av Uis.no. Det er difor ikkje lenger mogeleg å hente ut tal som kun gjeld Læringsmiljøsenderet si side åleine.

Mykje av 2020 gjekk med til å jobbe med nye uis.no for alle kommunikasjonsrådgjevarane ved senteret. Nettredaktøren tok hovudvekta her- spesielt ved utgongen av året då sidene skulle vera ferdige. I tillegg var det i løpet av året mykje arbeid knytt til førespurnadar frå media, handtering av media, samt “prepping” med tilsette som skulle verte intervjuar i aviser, radio og TV, samt å hjelpe med å utarbeide kronikkar og få dei ut i nasjonale aviser som VG, Dagbladet og Dagens Næringsliv (DN). Det vart registrert 20 mediebidrag direkte relatert til korona under den første nedstenginga, altså perioden 13.mars - 8. juni (kronikkar og intervju), i tillegg til fire tekstar som kun vart publisert på eigne sider relatert til korona.

2020 vart også året senteret fekk på plass ein eigen podcast kalla «Læringsmiljø i barnehage og skole» samt TV-satsinga «Læring for livet». Her var senteret sine kommunikasjonsrådgjevarar heilt sentrale i arbeidet. I tillegg til dette, opplevde vi eit stort oppsving i talet på artiklar publisert på forskning.no. Totalt vart det publisert 14 artiklar på nettstaden i 2020 - 5 fleire enn året før.

## Oppdragsverksemd og samfunnskontakt

### Mål 1:

Me har langsiktige avtalar med Utdanningsdirektoratet i arbeidet med trygge og gode barnehage- og skulemiljø

| Tiltak  | Konkretisering   | Ansvarleg                   |
|---|--|-----------------------------|
| Læringsmiljøprosjektet  | Leiinga har to drøftingsmøte med Utdanningsdirektoratet for planlegging og evaluering av samarbeidet generelt.<br>Prosjektleiarane har jamlege planleggings- og evalueringsmøte av Læringsmiljøprosjektet. | Leiinga<br>Prosjektleiarane |
| <b>Rapport:</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Det har vore gjennomført eitt møte med Udir.</li> <li>- Læringsmiljøprosjektet har blitt følgt opp som planlagt.</li> </ul>  |  |                             |
| Samlingsbasert tilbod   | To tilsette har planleggings- og evalueringsmøte knytt til den samlingsbaserte ordninga. Leiinga deltek ved behov.   | Leiinga<br>Tilsette         |
| <b>Rapport:</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Aktivitetane har i all hovudsak blitt gjennomført etter planen, bortsett frå at alt (med unntak av samling i januar) vart digitalisert. Pulje 5 har starta opp med si første samling.</li> </ul> |  |                             |
| Oppfølging av ordninga med mobbeombod   | Drøftingsmøte med utdanningsdirektoratet ein gong i halvåret.<br>To møter med leiinga og prosjektgruppa.<br>To møter mellom prosjektleiarane læringsmiljøprosjektet og prosjektgruppa.                     | Leiinga<br>Tilsette         |
| <b>Rapport:</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Møte med Udir er gjennomført.</li> <li>- Nokre av dei interne møta er gjennomført.</li> </ul>  |  |                             |
| Antimobbe- /læringsmiljøprogram Bry deg!  | Planlegging og oppstart haust.<br>Oppfølgingsmøter mellom leiinga og prosjektgruppa to gonger i løpet av hausten.  | Leiinga<br>Tilsette         |
| <b>Rapport:</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Det har vore noko korrespondanse undervegs i prosessen.</li> </ul>   |  |                             |

**Mål 2:**

Vi er i partnerskap om langsiktige kompetanseutviklingstilbod i 5 kommunar/regionar pr. år

| Tiltak   | Konkretisering  | Ansvarleg   |
|--|---|---|
| Partnerskapsavtalar kommunar/regionar  | Vurdere aktuelle partnerskap. Planlegge tiltak ut frå våre kompetanseutviklingsmodular og barnehage - og skulebehov. I eit samarbeid med barnehage- og skuleeigar, leiinga ved senteret og tilsette ved senteret. Det vert utforma faglege planar og økonomiske planar. Ein prosjektleiar pr. prosjekt vert oppnemnd. | Leinga<br>Prosjektleiar                               |
| <b>Rapport:</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Det vart oppretta tre nye langsiktige avtalar med kommunar/regionar i 2020.</li> <li>- Ytterlegare 12 langsiktige avtalar som var etablert før 2020, heldt fram.</li> </ul>         |   |   |
| Utvikle digitale ressursar   | Alle prosjekt tek i bruk digitale ressursar, som bruk av film til barnehagane og skulane si førebuing, skype-retteleing og skype-førelesingar.  | <b>Temakoordinator</b><br>Kommunikasjon<br>Tilsette   |
| <b>Rapport:</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Grunna koronasituasjonen har alle tilsette utvikla naudsynte digitale ressursar for å kunne halde på framdrifta i prosjekta. Fleire av desse kan nyttast ved andre høve.</li> </ul> |   |   |
| Etterutdanning og vidareutdanning  | Prosjekta byggjer på kompetanseutviklingsmodulane, men vert skreddarsydd ut frå lokale behov. Det vert avklart innleiingsvis om tiltaket er etterutdanning eller vidareutdanning. Vidareutdanningar må ha ein fagplan og verte godkjende av Universitetet.  | <b>Temakoordinator</b><br>Tilsette<br>Utdanningsleiar |
| <b>Rapport:</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Det har ikkje blitt etablert kompetanseutviklingstilbod som studiepoengbasert utdanning.</li> </ul>   |   |   |

**Mål 3:**

Vi har fem partnerskapsavtaler med UH-sektoren knytt til Dekom- og Rekom-satsinga

| Tiltak  | Konkretisering  | Ansvarleg |
|---|---|-----------|
| Administrativt samarbeid  | Leinga arbeider for å utvide nettverket og å få partnerskapsavtalar med universitet og høgskular i heile landet.<br><br>Leinga ber tilsette om å ta prosjektleiaransvar der konkrete prosjekt vert sett i gong. | Leinga    |
| <b>Rapport:</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Slikt samarbeid er etablert med USN i høve arbeid retta mot fleire ulike kommunar i Vestfold og Telemark.</li> </ul> |   |           |
| Planlegging av partnerskap  | Faglege møte vert gjennomført for å avklare rollar, faglege perspektiv, og omfang ut frå fagleg og økonomisk kapasitet.   | Tilsette  |

|  |  |                            |
|--|--|----------------------------|
| <b>Rapport:</b><br>- Målet er ikkje nådd.        |  |                            |
| Gjennomføring                                    | Ei prosjektgruppe vert satt saman, helst med deltakarar både frå senteret og universitetet vi samarbeider med om oppdraget.<br><br>Evalueringar vert gjennomført og møter haldne for å tilbakeføra kompetanse til UH-sektoren. | <b>Tilsette</b>            |
| <b>Rapport:</b><br>- Målet er ikkje nådd.        |  |                            |
| Bidra med spisskompetanse inn i UH-institusjonar | Gje undervising, bidra i forskning og i faglege møter ved førespurnad frå UH-sektoren.   | <b>Leiinga</b><br>Tilsette |
| <b>Rapport:</b><br>- Målet er ikkje nådd.        |  |                            |

#### Mål 4:

Me rettleiar i åtte skular/kommunar i 9A-saker etter vedtak frå fylkesmenn pr. år

| Tiltak  | Konkretisering  | Ansvarleg       |
|---|---|-----------------|
| Etablere eit fagteam som arbeider ut mot leiarar i skular   | Gjennomføre ei evaluering av arbeidet rundt 9A-saker våren 2019. Etablere eit team med ein prosjektleiar frå hausten 2019.<br><br>Teamet gjennomfører ei samling for å utvikle ein kompetanseutviklingsmodul som kan nyttast i arbeid knytt til 9A etter pålegg frå Fylkesmann. | <b>Leiinga</b>  |
| <b>Rapport:</b><br>- Det har blitt arbeidd med sju kommunar knytt til einskilde 9A-utfordringar, men desse har ikkje vore direkte generert på bakgrunn av konkrete vedtak frå Fylkesmannen. |   |                 |
| Gjennomfører tiltak i skular/kommunar   | Tilsette planlegg tiltak i samarbeid med skuleeigar og leiinga ved skulen, tilpassa kravet frå fylkesmannen og saken sin eigenart.  | <b>Tilsette</b> |
| <b>Rapport:</b><br>- Utviklingsarbeidet har blitt til i samvirke med den einskilde oppdragsgjevar.  |   |                 |

#### Mål 5

Vi gjev kortare kurs/enkeltoppdrag for 15 oppdragsgjevarar innan barnehagar og skular pr. år

| Tiltak   | Konkretisering   | Ansvarleg                  |
|--|--|----------------------------|
